



Gunn Mari Moberg - kom på fylkestingslista (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er to kvinnheringar på Høgre si fylkestingsliste, som er vedteke på nominasjonsmøtet denne helga. Peder Sjo Slettebø, som representerer Unge Høgre, vart nummer 16 medan Gunn Mari Moberg frå Uskedalen er ført opp som nummer 37.

Høgre har i denne perioden 11 i fylkestinget men kan auka talet til 18 hvis dei siste galluptala slår til også under valet neste haust.

Uskedelingen Torfinn Myklebust har kritisert nominasjonskomiteen i eit lesarinnlegg i Grenda under overskrifta "Kvinnherad utanfor sidelinja".

Han reagerer sterkt på at Kvinnherad nok ein gong har falle igjennom i Sunnhordland. Han viser til at nominasjonsnemnda for åtte år sidan klarte å få Arne Havnerås på sikker plass. Han har vore medlem av fylkestinget i to perioder og er no leiar av landbruksnemnda.

No er Bømlo og Stord representert høgt oppe på lista, men ikkje Kvinnherad.

Myklebust skriv at han kunne tenkt seg ein sterk Arne Havnerås på fylkesplanet og ei sterk Gunn Mari Moberg i kommunepolitikken.

Av Ola Matti Mathisen